

NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

08.07.2024

Søknad om konsesjon for uttak av grunnvatn til landbasert oppdrett (akvakultur) – Osland Genetics avd. Bjordal (org. nr. 898844412)

Osland Genetics AS ønskjer uttak av grunnvatn på gnr./bnr. 20/1 i Bjordal i Høyanger kommune i Vestland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

Etter vassressurslova, jf. § 45, om løyve til:

- å ta ut inntil 70 (l/s) grunnvatn til Osland Genetics. Uttaket er jamt over året.

Vedlagte utgreiing gjev nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Søkjar/kontaktperson	Thoralf Solberg Osland Genetics AS 	E-post: thoralf@osland.no Tlf; 57710102
Rådgjevar	Norconsult AS Sandvenvegen 43 5600 Norheimsund	Oddmund Soldal Hydrogeolog Oddmund.soldal@norconsult.com Tlf. 95184021

Samandrag

Osland Genetics søker om konsesjon til uttak av inntil 70 l/s (4,2 m³/min) grunnvatn i Førde, Høyanger kommune, Vestland fylke.

Grunnvatnet vert planlagt ved uttak frå 2 brønnar i lausmassar. Det kan vera aktuelt å etablera ein reservebrønn i same området på eit seinare tidspunkt.

Planlagte brønnar:

Brønn 1

Ø koordinat	327242	N Koordinat	6772368
-------------	--------	-------------	---------

Brønndjup 33 m,

Brønndiameter 323/300 mm,

Brønnmaterial Rustfritt syrefast stål

Filtertype Kontinuerlige slisser

Filternivå 23-33 m under terreng

Filteråpning 1,5 mm

Brønn 4

Ø koordinat	327280	N Koordinat	6772348
-------------	--------	-------------	---------

Brønndjup 32 m

Brønndiameter 323/300 mm

Brønnmaterial Rustfritt syrefast stål

Filtertype Kontinuerlige slisser

Filternivå 22-32 m under terreng

Filteråpning 1,5 mm

Uttaket av grunnvatn er jamt fordelt over året. Brønnane ligg på ei stor lausmasseavsetning som er bygd ut som eit delta i Førde, sør i Fuglsetfjorden. Ved sida av planlagt grunnvassuttaket ligg elva ligg Fjordselva, denne kjem frå eit regulert nedbørsfelt og har ingen krav til minstevassføring.

Det er dyrka mark på grunnvassførekomsten. Det er djupt til grunnvatnet og det er ingen forventa konsekvensar for jordbruksproduksjonen. Djupet til grunnvatnet er også så stor at det er godt vern av vatnet mot forureining.

Prøvepumping og modellering av vassuttaket viser ikkje at det er forventa at dette har stor innverknad på grunnvassforholda elles.

Det er gjort registreringar av grunnvassnivå i nabobrønnar, desse registreringane gjev ikkje grunnlag for å tru at privat vassforsyning til Gnr/Bnr 20/1, 2 og 5 vert påverka.

Heller ikkje friluftsliv eller biologiske interesser er venta å verta påverka av tiltaket.

Dagens vassforsyning er utilstrekkeleg og betring av dette forholdet er svært viktig. Bedrifta utgjer største arbeidsplass i bygda og ein konsesjon vil sikra drifta og dermed bidra positivt til sysselsetjing og skatteinntekter i lokalsamfunnet.

Det er laga forslag til overvakingsprogram. Overvakingsprogrammet skal sikra av miljømålet for prosjektet vert ivareteke.

Forslag til miljømål

- Uttaket av grunnvatn skal ikkje føra til at vassforsyning til naboar vert forringa.
- Uttaket av grunnvatn skal ikkje føra til endra saltinnhald i vatnet som vert pumpa ut, i brønnar til naboar, bekker, oppkomer og liknande.
- Uttaket av grunnvatn skal ikkje endra produksjonsforholda for landbruket ved brønnane.
- Vassføringa i elva skal ikkje verta målbart endra

Overvakingsprogram

Grunnvassressursen skal forvaltast på ein forsvarleg måte, noko som også er av verksemda si interesse. For å sikra at tiltaket ikkje fører til at naboane sin tilgang til vatn vert endra skal det lagast eit overvakingsprogram for uttaket. Overvakinga skal måla vassnivå i elva og i brønnar til naboane. Det skal også etablerast minst to nye overvakingsbrønnar, ein mot fjorden og ein i retning naboane.

Innhald

Samandrag	2
1.1 Om søkjaren.....	6
1.2 Grunngeving for tiltaket	6
1.3 Geografisk plassering av tiltaket	6
1.4 Skildring av området.....	8
1.4.1 Vassdrag og nedbørsfelt	8
1.4.2 Geologi i tiltaksområdet	11
1.4.3 Eksisterande inngrep	15
2 Omtale av tiltaket.....	16
2.1 Hovuddata	16
2.2 Teknisk plan for det alternativet det er søkt om	17
2.2.1 Etablering av brønnar	18
2.2.2 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av anlegget)	20
2.2.3 Overføringar	25
2.2.3 Reguleringsmagasin	25
2.2.4 Inntak	25
2.2.5 Vassveg	25
2.2.6 Massetak og deponi.....	26
2.2.7 Drift av stamfiskanlegget	26
2.2.8 Vassparande tiltak.....	26
2.3 Fordelar og ulemper ved tiltaket	26
2.4 Arealbruk og eigedomsforhold	27
2.5 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar	28
3 Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn	30
3.1 Hydrologi (verknadar av utbygginga)	30
3.2 Vastemperatur, isforhold og lokalklima	30
3.3 Grunnvatn	30
3.4 Naturfare og klimaendringar	30
3.5 Raudlisteartar	32
3.6 Terrestrisk miljø	34
3.7 Akvatisk miljø.....	35
3.8 Økosystemtenester og naturbaserte løysingar	36
3.9 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	36
3.10 Landskap	36
3.11 Samanhengande naturområde med urørt preg.....	37
3.12 Kulturminne og kulturmiljø	37
3.13 Reindrift	37
3.14 Jord- og skogressursar	38
3.15 Ferskvassressursar	38
3.16 Brukarinteresser	38
3.17 Samfunnsmessige verknadar	42
3.18 Dam.....	42

3.19	Eventuelle alternative utbyggingsløsinger.....	42
3.20	Samla vurdering	43
3.21	Samla belastning	44
4	Avbøtande tiltak.....	44
	Forslag til miljømål:	44
	Overvåkingsprogram	44
5	Referansar og grunnlagsdata.....	44
6	Vedlegg til søknaden	46

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tiltakshavar	Osland Genetics AS
Adresse	Sørsidevegen 2966, 5962 Bjordal
Org. nr.:	898844412
Aktivitet/bransje (Br.reg): Næringskode (Br.reg):	Produksjon av stamfisk og rogn 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert akvakultur
Søklar/kontaktperson	Thoralf Solberg E-post: thoralf@osland.no Tlf; 90738499
Rådgjevar	Norconsult AS Sandvenvegen 43 5600 Norheimsund Oddmund Soldal Oddmund.soldal@norconsult.com Tlf. 95184021

1.2 Grunngeving for tiltaket

Osland Genetics er eit stamfiskanlegg for regnbogeaure i Høyanger kommune, Vestland fylke. Anlegget har behov for ei meir stabil løysing for vassforsyninga si då dei planlegg å ha stamfisk på land større delar av året for å sikre havbruksnæringa tilgang til rognheile året. I tillegg har dei teke i bruk eit nytt inkubasjonssystem, singelinkubering, som krev meir vatn. Det er ønskeleg å ta ut grunnvatn frå Førde sidan noverande vasskjelde er for liten og ustabil for framtidig planlagt produksjon.

Verksemda har konsesjon¹ med løyve til hald av inntil 25 tonn stamfisk av regnbogeaure på lokalitet 12180 Osland II (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015), (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2019).

1.3 Geografisk plassering av tiltaket


Førde ligg i Høyanger kommune i Vestland (figur 1). Regionalt kart, oversiktskart 1:50000 og situasjonsskart 1:5000 ligg i vedlegg 1. Regionalt kart ligg i vedlegg 2 og detaljkart i vedlegg 3. Bilete frå aktuelt område er vist i vedlegg 4. Osland Genetics held til på gnr./bnr. 22/6 og 22/20 og 22/1-2. Sjølvgrunnvassuttak gjeld to brønnar på gnr./bnr. 20/1² i Førde. Figur 2 syner brønnområdet i Førde og Osland Genetics sitt anlegg på Oslandsøyra.

¹ For å ha fleksibilitet i stamfiskproduksjonen er det klarert 5 konsesjonar på lokaliteten (R-V-0027, SF-HØ-0024, R-V-0023, SF-HØ-0020, SF-HØ-0008)

² Prøvepumping har foregått på gnr. bnr. 20/1 og 20/2



Figur 1. Førde i Høyanger kommune er markert med raud sirkel.



Figur 2. Brønnområde i Førde og Osland Genetics er markerte med raude sirkelar.

Aktuelle brønningar som det vert søkt om vassuttak for er vist i Figur 3.




Figur 3 Brønnområdet ligg ca. 200 m frå næraste bustad.

1.4 Skildring av området

1.4.1 Vassdrag og nedbørsfelt

I Førde renn elva «Fjordselva» ut i fjorden. Denne har eit naturleg nedslagsfelt på 58,87 km² og har vassdragsnr. 069.7A0 (NVE, 2022). Vassdraget er regulert og har ikkje krav om minstevassføring. Figur 4 syner naturleg nedbørsfeltet til tiltaksområdet i Førde, og figur 5 syner nedbørsfeltet korrigert for regulerte vassdrag. Ca. 90 % av nedslagsfeltet til Fjorden er fjerna ved vassdragsutbygging. Nedbørsfelt for vidare vurderingar er 6,2 km².



Figur 4. Naturleg nedbørsfelt til tiltaksområdet i Fårde (utan å korrigere for regulerte vassdrag) (NVE, 2022)

Lavvannindekser

Vassdragsnr.: 069.7A0
Kommune.: Høyanger
Fylke.: Vestland
Vassdrag.: Førdeelva


Feltparametere	
Areal (A)	6.2 km²
Effektiv sjø (A _{SE})	5.6 %
Elvleengde (E _L)	-999 km
Elvegradient (E _G)	-999 m/km
Elvegradient ₁₀₈₅ (E _{G,1085})	-999 m/km
Helning	30.6 °
Dreneringstetthet (D _T)	1.6 km ⁻¹
Feltlengde (F _L)	12.2 km

Arealklasse	
Bre (A _{BRE})	0 %
Myr (A _{MYR})	0.9 %
Leire (A _{LEIRE})	0 %
Skog (A _{SKOG})	65.7 %
Sjø (A _{SJO})	1.9 %
Snau fjell (A _{SF})	21.7 %

Hypsografisk kurve	
Høyde MIN	10 m
Høyde MAX	960 m

Lavvannsindekser	
Alminnelig lavvannføring	6.6 l/s*km²
5-persentil (år)	7.3 l/s*km²
5-persentil sommer (1/5-30/9)	17.9 l/s*km²
5-persentil vinter (1/10-30/4)	5.4 l/s*km²
Base flow	33.44 l/s*km²
Base flow index (BFI)	0.38 -

Klima- /hydrologiske parametere (1961-1990)	
Klimaregion	Vest
Lavvannperiode	Vinter
Årlig middellavrenning 61-90 (Q _N)	88 l/s*km²
Årsnedbør 61-90 (P _N)	2778 mm
Sommernedbør	1107 mm
Vinternedbør	2150 mm
Årstemperatur	4.7 °C
Sommertemperatur	9.2 °C
Vintertemperatur	1.6 °C
Temperatur juli	10.8 °C
Temperatur august	11 °C



Kartbakkgrunn: Statens Kartverk
Kartdatum: EUREF89 WGS84
Projeksjon: UTM 33N
Beregn.punkt: 4275 E 6803064 N

Nedbørfeltgrenser, feltparametere og lavvannsindekser er automatisk generert og kan inneholde feil. Resultatene må kvalitetssikres.

Formelverket er basert på data fra avrenningskart 1961-1990. Vi anbefaler derfor ikke å bruke data fra avrenningskart 1991-2020 ved beregning av lavvannsindekser. Nytt formelverk basert på 1991-2020-dataene er under utarbeiding.

Det er generelt stor usikkerhet i beregning av lavvannsindekser. Resultatene må verifiseres mot egne observasjoner eller sammenlignbare målestasjoner.

I nedbørfelt med høy breprosent eller stor innsjøprosent vil tørrværsavrenning (Base flow) ha store bidrag fra disse lagringsmagasinene.


Figur 5. Nedbørfelt til tiltaksområdet, korrigert (omtrentleg) for regulerte vassdrag (NVE, 2022)

1.4.2 Geologi i tiltaksområdet

Dalen i Førde er ein u-dal med bratte fjellsider (sjå figur 6 for flyfoto og terrenget i tiltaksområdet). Overflategeologien i området er kartlagt av NGU og syner at dalbotn består av lausmassar, sjå figur 7.




*Figur 6. Øyst: Flyfoto frå dalbotn i Førde. Innteikna raud sirkel illustrerer brønnområdet. (Norgeskart, 2023).
Nedst: Foto frå brønnområdet, tatt i retning mot fjorden (Norconsult, 04.10.2022).*



Figur 7. Kvartærgeologisk kart som viser lausmassefordelinga i området (NGU, 2022). Innteikna raud sirkel illustrerer brønnområdet.

Lausmassekartet viser elveavsetningar i nedre del av dalen og breelavsetningar lengre oppe i dalen. Kartet viser tynne moreneavsetningar i ei dalside, og skredmateriale i resten av dalsidene. Det er gjort fleire georadarmålingar i området. Generelt ser ein deltaavsetningar med fall mot nord, mot fjorden. Typisk er at ser strukturar ned mot ca. 10 m djup, litt under grunnvassnivået, og lite strukturar under (Figur 8). Borloggane (NGU, 2022),

Tabell 1 til Tabell 4 viser stort sett grovkorna lag, men i fleire av borpunktene er det eit siltlag som startar om lag der som georadarsignala vert svakare.



Figur 8 Døme på georadarprofil langs elva mot fjorden.

Tabell 1 Borlogg brønn 1 (NGU: 128965).

LØSMASSELAG				
Dyp fra overflaten (meter)				
FRA	TIL	SLAMFARGE	LØSMASSETYPE	ANDRE OPPLYSNINGER
0.00	1.00		Jord	
1.00	4.00		Stein	stein, blokk
4.00	8.00		Grus	
8.00	8.50		Stein	stein, blokk
8.50	11.00		Grus	
11.00	17.00		Sand	vann fra 15 meter
17.00	19.00		Sand	fin sand, vann
19.00	20.00		Sand	sand med stein, vann
20.00	21.50		Silt	silt, sand - vann
21.50	24.00		Grus	mye vann
24.00	33.00	Grå	Grus	gurs grov, mye vann

FILTERE (LØSMASSEBRØNN)					
Dyp fra overflaten (meter)					
FRA	TIL	DIAMETER	LYSÅPNING	TYPE	MATERIALE
30.60	33.60	134 mm	1.00 mm		Rustfritt stål

Tabell 2 Borlogg brønn 2 (NGU: 128964)

LØSMASSELAG				
Dyp fra overflaten (meter)				
FRA	TIL	SLAMFARGE	LØSMASSETYPE	ANDRE OPPLYSNINGER
0.00	3.00		Stein	stein, blokk
3.00	13.00		Sand	ensartet sand
13.00	18.50		Silt	silt, grus
18.50	26.00		Grus	grus (morene), bra med vann, fort reint på 23 meter.
26.00	26.43		Morene	26-27m morene med mer finstoff. mindre vann

FILTERE (LØSMASSEBRØNN)					
Dyp fra overflaten (meter)					
FRA	TIL	DIAMETER	LYSÅPNING	TYPE	MATERIALE
23.43	26.43	134 mm	0.50 mm	Annet	Rustfritt stål

Tabell 3 Borlogg brønn 3 (NGU: 128963).

Dyp fra overflaten (meter)				
FRA	TIL	SLAMFARGE	LØSMASSETYPE	ANDRE OPPLYSNINGER
0.00	1.00		Jord	
1.00	4.00		Stein	stein, blokk
4.00	7.00		Sand	grusig sand
7.00	8.00		Sand	sand, blokk
8.00	11.00		Sand	
11.00	16.00		Silt	silt, sand
16.00	21.00		Sand	vann, fort reint
21.00	22.50		Sand	sand, grus - bra med vann
22.50	26.00		Grus	grus med litt slam, bra med vann
26.00	26.03		Morene	26 - 27 m litt vann.

FILTERE (LØSMASSEBRØNN)					
Dyp fra overflaten (meter)					
FRA	TIL	DIAMETER	LYSÅPNING	TYPE	MATERIALE
23.03	26.03	134 mm	1.00 mm	Annet	Rustfritt stål

Tabell 4 Borlogg brønn 4 (NGU: 129961).

Dyp fra overflaten (meter)				
FRA	TIL	SLAMFARGE	LØSMASSETYPE	ANDRE OPPLYSNINGER
0.00	5.00		Stein	stein, blokk
5.00	12.00		Grus	
12.00	13.00		Grus	grovere grus
13.00	15.00		Grus	grus, sand
15.00	18.50	Brun	Sand	18 m mye vann, fort reint
18.50	21.00		Silt	
21.00	23.00		Silt	silt, grus, bra med vann
23.00	25.00		Grus	lite vann
25.00	29.00		Silt	silt, slam, grus. Lite vann
29.00	30.00	Grå	Grus	grov grus, sand litt slam, mye vann
30.00	34.00	Grå	Grus	gros grus, mye vann

FILTERE (LØSMASSEBRØNN)					
Dyp fra overflaten (meter)					
FRA	TIL	DIAMETER	LYSÅPNING	TYPE	MATERIALE
32.35	34.35	134 mm	1.00 mm	Annet	Rustfritt stål

1.4.3 Eksisterande inngrep

Verksemda har i dag fleire inntak for vatn lokalt på Oslandsøyra (ved anlegget). I aktuelt tiltaksområde i Førde er det ikkje gjort tiltak bortsett frå nydyrking tidlegare (Figur 6 og vedlegg 4).

Lenger oppe i vassdraget er det store inngrep i form av kraftutbygging, det er ikkje krav til minstevassføring i elva som i periodar har svært låg vassføring (Figur 9).



Figur 9 Bilete av elva i september 2021.

Ved utviding:

Ikkje relevant då det er snakk om nytt uttak av grunnvatn frå ein annan eigedom.

Fleire elvar er relativt like på denne, det har vore massiv kraftutbygging i området, dei fleste elvar er påverka av dette.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

I Tabell 5 er det samla informasjon frå Nevina (www.nve.no) om hydrologien i området. Ein gjer merksam på at tabellen viser data for vassdraga i området og for uttaksmengder frå grunnvassbrønner.

Tabell 5. Tabellen gjev informasjon om avrenning i elv forbi uttakspunkt for grunnvatn.


Osland Genetics - akvakulturanlegg, hovuddata for elv ved grunnvassuttak			
TILSIG		Hovudvasskjelde	Reservekjelde eller overføring frå anna vassdrag
Nedbørfelt	km ²	6,2	Ikkje aktuelt
Årleg tilsig til elv ved inntaket	mill. m ³	17,4	Ikkje aktuelt
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	89,1 (Nevina)	Ikkje aktuelt
Middelvassføring normalår	l/s	552	Ikkje aktuelt
Alminneleg lågvassføring	l/s	41	Ikkje aktuelt
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	320	Ikkje aktuelt
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	34	Ikkje aktuelt
ANLEGGET			
Inntak	moh.	14 moh	
Avlaup	moh.	Ikkje relevant	
Lengde på påverka elvestrekning	m/km	400 m	
Lengde på vassleidning	m	400 m på land og 3500 m i sjø	
Lengde på borehol/tunell	m	Ikkje relevant	
Tal vassleidningar	stk	1	
Vassleidning, diameter	mm	250 (løyve frå Høyanger kommune, vil søkja om løyve til å leggja 315 mm for å redusere trykkfall)	
Maksimal kapasitet på røyr	m ³ /s el. l/s	70 l/s	
Maksimalt gjennomsnittleg vassuttak	m ³ /år	Opptil 2207 520	
Maksimalt vassuttak	m ³ /s el. m ³ /min	2207 520	
Planlagt minstevassføring, sommar	m ³ /s el. l/s	Ikkje relevant	
Planlagt minstevassføring, vinter	m ³ /s el. l/s	Ikkje relevant	
Maksimalt tal smolt/fisk	stk	4 500 (pr. mnd.)	
	tonn	25	
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³	Ikkje relevant	
HRV	moh.	Ikkje relevant	
LRV	moh.	Ikkje relevant	

I gjennomsnittlege forhold vil eit uttak på 70 l/s grunnvatn utgjera 13 % av det som gjennomsnittleg er berekna å renna i elva. Ved 5 persentil avrenning om sommaren vil grunnvassuttaket utgjera 63 % av vassføringa i elva. Som vist i den hydrogeologiske modellen er 40-60 % av vassuttaket berekna å koma frå infiltrasjon frå elva (vedlegg 5).

2.2 Teknisk plan for det alternativet det er søkt om


Verksemda har fått løyve frå Høyanger kommune til å plassere ein container på gnr./bnr. 20/1 som skal innehalde vasspumper og vasstank for levering av vatn til stamfiskanlegget (Høyanger kommune, 2022). I same brev gjev kommunen også løyve til legging av vassleidning langs fjordbotn frå containeren og ut til anlegget (sjå figur 10). Containeren har eit ytre mål på 12,5 meter x 2,5 meter og skal innehalde ei pumpe og ein vasstank på 9000 liter. Høyanger kommune har gitt løyve til å leggja ein 250 mm vassleidning. Kommunen har gjeve råd om å auka diameteren på røyret til 315 mm for å hindra trykktap. Osland Genetics vil søkja om å endra løyvet til å auka diameteren på røyret. Vassleidningen som skal leggjast har ein dimensjon på 250 millimeter.

Området der containeren er søkt om er i kommuneplanen avsett som LNFR-område. Tiltaket har fått dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 for plassering av container i LNFR-område. Det er gjort avtale med grunneigar om bruk av grunn. Løyve til legging av leidning er gjeven i medhald av hamne- og farvannslova §14 (Høyanger kommune, 2022), Vedlegg 6 og 7.



Figur 10. Utsnitt frå oversiktsteikning over vassleidning (vedlegg 6).

Opprinneleg teikning over tiltaket og planlagt trasé for vassleidning er vist i vedlegg 6. Figur 11 syner ein oversikt over alle brønnane (inkl. brønnar på naboeigedomar og stasjon for målingar i elv).




Figur 11. Oversiktskart over omsøkte brønner (B1B og B4B), observasjonsbrønner, stasjon for logging av vassnivå i Fjordselva, samt brønner på naboar sine eigedomar (arcGIS – GeoNorge, Norconsult).

2.2.1 Etablering av brønner

Det vert søkt om etablering av to produksjonsbrønner. Etablering av observasjonsbrønner og evt. reservebrønner vert teke med i søknad om godkjenning av overvakingsprogram etter at konsesjon evt. er gjeven.


Informasjon om produksjonsbrønner er gjeven i Figur 12 og Figur 13.

Brønn 1									
Ø koordinat	327242		N Koordinat	6772368					
Brøndyp	33 m,								
Brøndiameter	323/300 m,								
Brønnmaterial	Rustfritt syrefast stål								
Filtertype	Kontinuerlige slisser								
Filternivå	23-33 m utereng								
Filteråpning	1,5 mm								



Figur 12 Produksjonsbrønn 1.

Brønn 4									
Ø koordinat	327280		N Koordinat	6772348					
Brøndyp	32 m								
Brøndiameter	323/300 mm								
Brønnmaterial	Rustfritt syrefast stål								
Filtertype	Kontinuerlige slisser								
Filternivå	22-32 m under terreng								
Filteråpning	1,5 mm								



Figur 13 Produksjonsbrønn 4. Merk at produksjonsbrønn er plassert nord for eiendomsgrensa til Gnr/Bnr 20/1.

2.2.2 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av anlegget)


Det er laga ein grunnvassmodell for å simulere situasjonen ved strømningsmønster i ulike situasjonar. Heile grunnvassmodellrapporten finst i vedlegg 5. I dette kapittelet vert det vist eit utdrag. Modellen tek utgangspunkt i observasjonspunkt som vist i Figur 14, i tillegg er det målt elveprofil langs elvestykket frå fjorden og forbi brønnområdet.




Figur 14 Observasjonspunkt nytta i modellen. Blå punkt viser plassering av overvakingsbrønner og målepunkt (PB_1 – PB_4 og MS), og raude punkt viser plassering av private brønner (PB_E, PB_Y og PB_K).

Modellen er etablert for å vurdere om eit uttak på 70 l/s vil medføre vesentleg endring i grunnvassstrømning og mengde grunnvatn frå dagens situasjon, og den vert brukt for å estimere kor mykje av vatnet som vert infiltrert frå Fjordselva, kor mykje som er nedbørsgenerert, samt kor mykje som kjem frå grunnvassmagasinet i lausmassane. Ulike situasjonar som er modellert er vist i Tabell 6. I modellen er det nytta brønn 4 som ein av prøvebrønnane det vert pumpa frå. Denne brønnen vert no flytta nokre meter mot nord for å koma på eigeidomen til grunneigar det er inngått avtale med. Det er vurdert at dette ikkje endrar modellen vesentleg.

Utsrekninga på modellert område er valt ut frå strekninga til brønnfeltet og lokale vassførekomstar. Modellens grid er delt inn i 11 m² rutenett. Modellens utstrekning og celle-inndeling vises i Figur 15. Figur 16 viser detaljkart over modellert område.



Figur 15 Topografisk kart med modellens utstrekning (venstre) og modelldiskretisering (midtre og høyre) som viser rutenett inndelt i celler på 11 m². Svarte celler er aktive celler og representerer modellert område.




Figur 16 Plassering av overvakingsbrønner (PB_1 – PB_4), målestasjon (MS) og privat produksjonsbrønn (PB_E) er markert med blå punkt, og plassering av produksjonsbrønner (PRB_1 og PRB_4) er markert med raude punkt.

Tabell 6 Oversikt over modellerte scenario.

Scenario	Produksjonsbrønn	Pumperate (l/s)	Pumperate totalt (l/s)
Scenario 1	Utan produksjonsbrønner		
Scenario 2a	PRB_1	35,0	70
	PRB_4	35,0	
Scenario 2b	PRB_1	50,0	70
	PRB_4	20,0	
Scenario 2c	PRB_1	20,0	70
	PRB_4	50,0	

Ved simulering av dei ulike scenarioa i Tabell 6 får ein fram strømningslinjer som vist i Figur 17.



Figur 17 Kotekart som viser potensialnivå for scenario 1 (utan produksjonsbrønner; øverst til venstre), scenario 2a (PBR_1 – 45,0 l/s og PRB_4 – 45,0 l/s; øverst til høgre), scenario 2b (PBR_1 – 50,0 l/s og PRB_4 – 20,0 l/s; nederst til venstre), og scenario 2c (PBR_1 – 20,0 l/s og PRB_4 – 50,0 l/s; nederst til høgre). Blå punkter er overvåkingsbrønner (PB_1 – PB_4), målestasjon (MS) og privat produksjonsbrønn (PB_E), og raude punkt er produksjonsbrønner (PRB_1 og PRB_4). Rauda strømningslinjer viser korleis vasspartiklar som har sluttposisjon i produksjonsbrønner bevegar seg


Ut frå modellen kan ein då estimera kva som er opphavet til det vatnet som vert pumpa ut (Tabell 7).

Tabell 7 Vassbudsjett som viser kvar vatnet kjem frå i ulike scenario. Differansekolonna viser kor mykje som kjem frå grunnvassmagasinet.

	PBR_1				PBR_4				UTTAK FRA ELVA L/S	% av 70 l/s
SCENARIO	PUMPERATE	ELVA	NEDBØR	DIFFERANSE	PUMPERATE	ELVA	NEDBØR	DIFFERANSE		
PRB_1 OG PRB_4										
2a	35	18.9	0.02	16.08	35	14.9	0.13	19.97	33.8	47
2b	50	19	0.02	30.98	20	8.6	0.12	11.28	27.6	39
2c	20	18.9	0.02	1.08	50	22.1	0.1	27.8	41	59


Borloggane viser at det er lag med god vassføring under siltlaget. Det er etablert prøvebrønner («tapt filter») i dei djupe vassførande massane.

Det er gjort ulike pumpeforsøk med eit samla uttak på ca. 30 l/s. Ein oppnådde ikkje stabil avsenking i løpet av 20 døgn, men ein ser av Figur 18 at vassnivået stig svært raskt etter stopp av pumpene. Dette tyder på eit godt tilsig i grunnvassmagasinet. Det må understrekast at det er målt nivå inne i sjølve pumpebrønnen. Den observerte senkinga kan også innehalda friksjonsmotstand (skin-effekt) i sjølve brønnen. Produksjonsbrønner som er dimensjonerte med tanke på kornfordelingsanalysar vil fungere betre.



Figur 18 Logging av relative nivåendringar under prøvepumping hausten 2021.

Figur 19 viser temperaturutvikling i grunnvatnet i dei ulike brønnane og i elva. Sjølv om brønnane ligg nær elva er det ingen observert samanheng som tyder på rask innstrømning frå elv til brønnane, det er ei markant tidsforseinking i temperatur variasjonen i brønnane i forhold til elva.



Figur 19 Temperatur i grunnvatn og elv.

”Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold” som skal følge søknaden som sjølvstendig dokument gjeld for kraftverk. Det er ikkje vedlagt her fordi det ikkje er vurdert til å vera relevant.

2.2.3 Overføringar

Kart som syner oversikt over brønner og overføringsleidningar er vist i vedlegg 6.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Ikkje relevant tema.

2.2.4 Inntak

Røyrbrønner i lausmassar,

2.2.5 Vassveg

Vassleidning

Vassleidningen skal liggja nedgraven i terrenget, og på sjøbotn, jf. og løyve frå kommunen (Høyanger kommune, 2022). Leidningen skal ha ein dimensjon på 250 millimeter, evt 315. Kart over leidningstrasè er vist i vedlegg 6 og løyve til tiltaket er vist i vedlegg 7. Terrenget vil bli tilbakeført slik det var.

Tunell

Ikkje relevant tema.

Vegbygging

Det skal ikkje byggjast permanente vegar i samband med tiltaket. Eksisterande traktorveg vil bli nytta for tilkomst til brønnområdet. Ved behov for vidare tilkomst vil det kunne bli etablert midlertidig anleggsveg knytt til legging av vassleidning på gnr./bnr. 20/1 som vist i blått i figur 10. Arealet som blir påverka vert tilbakeført slik det var, jf. avtale med grunneigar (Vedlegg 7).

2.2.6 Massetak og deponi

Ikkje relevant tema.

2.2.7 Drift av stamfiskanlegget

Produksjonen til stamfiskanlegget varierer gjennom året, og verksemda har ein konsesjon med løyve til hald av inntil 25 tonn stamfisk av regnbogeaue. Vassuttaket har til no vore sesongbasert, men med ny vasskjelde vert det eit meir jamt uttak over året. Tabell 8 syner opplysningar om drift av stamfiskanlegget.

Tabell 8. Opplysningar knytt til drift av stamfiskanlegget

Drift av stamfiskanlegget	
Produksjonskapasitet per 2023:	Inntil 25 tonn stamfisk
Framtidig produksjonskapasitet:	Inntil 25 tonn stamfisk
Planlagt uttak av grunnvatn over året:	2 207 520 m ³ /år(70 l/s)
Reservevasskjelder:	Eksisterande vasskjelder på Oslandsøyra
Dagens vassforbruk (gj. snitt):	Rogneri; 150 l/min, landanlegg; 500 l/min
Maksimalt vassforbruk:	2000 l/min
Framtidig vassforbruk:	70 l/s

Anlegget har høgast produksjon i fyrste kvartal, men dersom det vert gjeve konsesjon til grunnvassuttak som omsøkt, vil aktiviteten bli meir jamn over året.

2.2.8 Vassparande tiltak

Verksemda brukar gjenbruksteknologi med CO₂-lufting. I tillegg har dei sjøvassinntak og kan i periodar med lite ferskvatn nytta meir sjøvatn i produksjonen (til stamfisken). Dette er ikkje ideelt, og bruk av sjøvatn er mindre gunstig dess nærare gytetidspunktet ein kjem og må avgrensast av omsyn til stamfisken slik at saltinnhaldet ikkje overstig 10 ‰.

Søkjar vurderer at RAS-teknologi ikkje er ideelt for produksjon av stamfisk. Denne teknologien kan vera utfordrande mtp. agens sidan stamfisken tas inn i anlegget frå sjøanlegg, og dermed blir risikoen for smitte til neste generasjon stamfisk større i et RAS-anlegg enn i et gjennomstrøymingsanlegg. Rogn skal vera eit «reint» produkt slik at ein ved nye rogninnlegg i settefiskanlegg ikkje skal tilføra smitte.

2.3 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Tilgang på meir ferskvatn og ei meir stabil vasskjelde vil medføra at verksemda kan ha stamfisk på land større delar av året og at dei såleis kan vera leveringsdyktige større delar av året. Ei meir jamn fordeling av produksjonen vil kunne gje 1-3 nye arbeidsplassar på anlegget. Det er også ein fordel å kunne nytta singelinkubering, då dette vil gje betre kvalitet på rogn, noko som også vil gagne verksemda sine kundar.

Ulemper

Uttaket av grunnvatn kan ikkje sjåast å ha negativ effekt i driftsfasen:

- Målingar av grunnvassuttaka i nærleiken har ikkje vist å bli negativt påverka av prøvepumpinga, jf. vurderingar i vedlegg 5.
- Grunnvassuttaket vil ikkje påverka landbruksproduksjonen då grunnvatnet ligg djupt i dette området

Eventuelle ulemper ved tiltaket er midlertidige og kan skje i anleggsfasen då vassleidninga skal leggjast og containeren plasserast.

2.4 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Tiltaket skal føregå på gnr./bnr. 20/1. Grunneigar er Egil Førde. Det føreligg ikkje reguleringsplan for eigedomen, men arealføremål i kommuneplanen er LNFR areal for naudsynt tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (Høyanger kommune, 2022). Tabell 9 og Figur 20 syner plan for tiltaket.

Tabell 9 Arealbehov i anleggs- og driftsfase.

Inngrep	Mellombels arealbehov (m³ el. daa)	Permanent arealbehov (m³ el. daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
Overføring	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
Inntaksområde	Brønnområde, ca. 3 daa	Brønnområde, ca. 3 daa	
Vassleidning/tunell		På land: 400 m I sjø: ca.3,5 km	Godkjent trase
Vegar	500 m	0	Opprustning av eksisterande veg
Riggområde	2 daa	0	
Massetak/deponi	2 daa	0	



Figur 20 Arealbruk tilknytt anlegget.


Eigedomsforhold

Verksemda har inngått intensjonsavtale med grunneigar, Egil Førde, om plassering av container og legging av vassleidning på gnr. bnr. 20/1 (vedlegg 8).

2.5 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar

Kommuneplanar

Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel (Høyanger kommune, 2022) er vist i figur 21. Kommunen har gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 frå forbod mot byggetiltak i LNF-område (Høyanger kommune, 2022).



Figur 21. Kommuneplan 2016-2028 for Høyanger kommune (Høyanger kommune, 2022)

Verneplan for vassdrag

Fjordselva er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag

Nasjonale laksevassdrag


Fjordselva er ikkje definert som eit nasjonalt laksevassdrag.

Ev. andre planar eller verna område

Det føreligg ikkje informasjon om andre planar, eller vern av området.

EU sitt vassdirektiv

I Miljødirektoratet sin database Vannmiljø er grunnvassførekomsten definert som ein «EU water body» med ID 069-1004-G «Fuglsetfjorden» (figur 22).



Figur 22. Registrert grunnvassførekomst i Førde. Registrert som EU Water body (Miljødirektoratet, 2022).

3 Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn

Under vert det gjeve ei skildring av situasjonen for kvart deltema og det vert gjort greie for forventande endringar og konsekvensar som følgje av utbygging/grunnvassuttak. Vurderingar av tiltaket sin verknad/konsekvens for dei aktuelle fagtema følgjer Statens Vegvesen si handbok V712 (2021).

3.1 Hydrologi (verknadar av utbygginga)

Vassdraget er sterkt regulert og det er ikkje krav til minstevassføring. Om sommaren er elva neste tørr, men det er observert småfisk i holer i elva. Når elva er på sitt tørraste inngår bøndene avtale med kraftverkseigar om å sleppa vatn i elva slik at det er nok til vatning av dyrka mark.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima


Uttak av grunnvatn er ikkje forventet å ha innverknad på dette tema.

3.3 Grunnvatn

Verksemda har i perioden januar – mai 2022 utført månadleg prøvetaking i alle dei 4 grunnvassbrønnane i Førde. Resultata er vurdert av NIVA til bruk i klekkeri, stamfisk og settefiskproduksjon (NIVA, 2022). I følgje NIVA er vatnet klart og surt, med lavt innhald av alkalinitet, med periodevis forhøga aluminium, spesielt i brønn 1 og 2 (NIVA, 2022). NIVA vurderer brønn 4 som noko meir eigna til bruk i fiskeoppdrett.


3.4 Naturfare og klimaendringar

Delar av tiltaksområdet ligg i aktsomheitsområde for flaum (figur 23). Brønnane vil verta sikra ift. mogleg flaum.



Figur 23. Utsnitt frå NVE sitt flaumaktsomheitskart (NVE, 2023).

I følge NVE sitt aktsomheitskart ligg tiltaksområdet i eit potensielt utlaupsområde for steinsprang (figur 24). Det er ikkje venta at naturfare som flaum eller skred vil kunne ha innverknad på uttak av grunnvatn, heller ikkje motsett.



Figur 24. Utsnitt frå NVE sitt aktsomheitskart for skred i bratt terreng (NVE, 2023)

3.5 Raudlisteartar

Det er ikkje registrert raudlista artar i det aktuelle tiltaksområdet, men det er gjort registreringar av Fiskemåse (*Larus canus*) og Hønschauk (*Accipiter gentilis*) i nærleiken (sjå beskriving i tabell 10 og oversikt over registrering i figur 25).

Tabell 10. Oversikt over raudlisteartar registrert i nærleiken av tiltaksområdet.

Raudlisteart	Raudliste-kategori	Funnstad	Påverknadsfaktorar*
<i>Larus canus</i> (Fiskemåse)	VU	61.048943, 5.804752 (koordinatpresisjon 1000 m.)	På hekkeplassen er fiskemåka utsatt for predasjon ifrå mink. I tillegg skjer menneskeleg forstyrning særleg i områder kor arten hekkar i eller ved busetnad kor den kan opplevast som sjenerande. Dette fører ofte til at folk gjer lovbrøt ved t.d. å knusa egg eller øydeleggja reir. Arten kan også vera utsett for forureining, og drenering/tørrelegging av våtmark er også nemnd som negative påverknadsfaktorar (Artsdatabanken, 2022).
<i>Accipiter gentilis</i> (Hønehauk)	VU	61.066, 5.8078 (koordinatpresisjon 7071 m)	Moderne skogbruk, pesticidar, næringstilgang og ulovleg forfølging (Artsdatabanken, 2022).


* sjå www.artsportalen.artsdatabanken.no

Det er ikkje forventa at grunnvassuttak vil ha påverknad på desse artane.

Ifølgje artsdatabanken er det også gjort observasjon av andre artar ved, og i nærleiken av tiltaksområdet som er vurdert til *livskraftig* (LC) i Norsk raudliste for artar 2021, og oppfølgjer derfor ikkje kriteriane for raudlisting (Artsdatabanken, 2022). Dette gjeld følgjande artar:

- *Digitalis purpurea* (Revebjelle)
- *Dendrographa latebrarum* (Lav)
- *Stigonema mamillosum* (Lyngbye)
- *Corvus corax* (Ravn)
- *Salmo trutta* (Aure)

Dei framande artane *Reynoutria japonica* (parkslirekne) og *Acer pseudoplatanus* (Platanlønn) (SE – Svært høg risiko) er også registrert lenger ute i fjorden (figur 25) (Artskart, 2022). Ved verksemda sitt anlegg er det også registrert fleire artar, men sidan grunnvassuttaket skal føregå i Førde, vert dei ikkje omtalt vidare her.



Figur 25. Utsnitt frå Artsdatabanken syner artskart for området ved og rundt brønnområdet (illustrert med innteinka raud sirkel), med symbolforklaringar (Artsdatabanken, 2022).


Ved søk i Naturbase finn ein også registreringar av *Dryobates minor* (Dvergspett) i nærleiken av tiltaksområdet. Arten er vurdert som *livskraftig* (LC) i hht. Norsk raudliste for artar 2021 og har forvaltningskategori «Artar av særleg stor forvaltningsinteresse» (Miljødirektoratet, 2023).

Grunnvassuttak vil ikkje ha påverknad på desse artane.

3.6 Terrestrisk miljø

Det er i tiltaksområdet i Førde registrert terrestriske raudlisteartar som lista opp i avsnittet ovanfor. Desse er som nemnt *Stigonema mammosum* (Lyngbye) og *Digitalis purpurea* (Revebjelle). Elles er det i Naturbase gjort registreringar av dei viktige naturtypene «Høstingsskog» (BN00112756) og «Rik edellauvskog» (BN00112738 og BN00112783) i nærleiken av tiltaksområdet (figur 26). Grunnvassuttaket som det vert søkt om vil ikkje ha påverknad på desse artane eller naturtypene. Produktiviteten i det største arealet i området med dyrka mark vil ikkje verta påverka fordi grunnvatnet ligg langt under rotsonen til grasen som vert dyrka der.


Tiltaksområdet ligg i eit landbruksområde som høyrer til gnr./bnr. 20/1. Ei evt. påverknad på flora og fauna i sjølve tiltaksområdet vil kunne førekomma i anleggsfasen, men terrenget vil bli tilbakeført. Konsekvensen av anleggsarbeidet vert vurdert som ubetydeleg.



Figur 26. Utsnitt frå Naturbase syner dei viktige naturtypane «Rik edellaauvskog» og «Høstingsskog» som er kartlagt i nærleiken av brønnområdet (innteinka raud sirkel). Punktet i kartet syner registrering av Dvergspett (Miljødirektoratet, 2022).

3.7 Akvatisk miljø

Ved søk i Naturbase er fjordarmen som går inn til Førde (frå ytterst ved «Krossen») markert som eit lokalt viktig gytefelt for torsk (Miljødirektoratet, 2022). Gytefeltet er verifisert gjennom kartlegging (Fiskeridirektoratet, 2022). I tillegg er inste del (frå Føsund) definert som naturtypen «Fjordar med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet», verdi «viktig» (figur 27). Det er også registrert eit lokalt viktig ålegrassamfunn ved Oslandsøra/Føsundet (Miljødirektoratet, 2022). Vassleidningen vil ikkje kome i konflikt med ålegrassamfunnet (sjå figur 10, figur 27 og vedlegg 6).



Figur 27. Utsnitt frå Naturbase syner den viktige naturtypen «Fjorder med naturleg lavt oksygeninnhald i botnvatnet», samt avgrensa ålegrassamfunn ved Føsund (Miljødirektoratet, 2022). Brønnområdet er illustrert ved innteikna raud sirkel.

Som nemnt i avsnittet om raudlisteartar er det også gjort registreringar av *Salmo trutta* (Aure), som er vurdert til *livskraftig* (LC) i Norsk raudliste for artar 2021. Arten er registrert i Tverrvatnet som har ein bekk som renn ned til Fjordselva (sjå vatnet i figur 25), denne er stengt av med demning (figur 4).

Grunnvassuttaket som det vert søkt om vil ikkje påverke akvatisk miljø. Evt. midlertidig påverknad vil kunne førekome i anleggsfasen, i form av partikkelspreiing ved legging av leidning på sjøbotn. På bakgrunn av tiltaket størrelse og omfang blir evt. konsekvensar for legging av leidning vurdert som ubetydelege. Leidningen skal også leggjast på utsida av det registrerte ålegrassamfunnet ved Oslandsøyra. Anleggsarbeidet vil vera kortvarig, og terreng/strandsone skal tilbakeførast.

3.8 Økosystemtenester og naturbaserte løysingar

Det er ikkje planlagt tiltak i form av eksempelvis arealinngrep i våtmark eller lukking av bekkar. Planlagt grunnvassuttak vil ikkje ha påverknad på slike økosystem.

3.9 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Tiltaksområdet ligg lokalisert ved det regulerte vassdraget, Fjordselva, som ikkje inngår i verneplan for vassdrag, og er heller ikkje eit definert som Nasjonalt laksevassdrag.

3.10 Landskap


Tekniske inngrep som inntak/dam er ikkje relevant i denne søknaden, då det vert søkt om grunnvassuttak. Vassleidningar vil ikkje vera synlege i landskapet og inngrepet skal gjennomførast som beskriven i vedtaket frå kommunen (Høyanger kommune, 2022) og vist i figur 10. Brønnane skal lokalisrast på eit jordbruksområde. Etter anleggsarbeida er gjennomført skal terrenget tilbakeførast til grunneigars bruk.

3.11 Samanhengande naturområde med urørt preg

Tiltaket vil ikkje ha noko innverknad på samanhengande naturområde med urørt preg, då tiltaksområdet ligg i eit jordbruksområde.

3.12 Kulturminne og kulturmiljø

Ved søk i Riksantikvarens database «Kulturminnesøk» finn ein ingen registrerte kulturminner i tiltaksområdet, eller i nærområdet (Riksantikvaren, 2023). Det er Miljøstatus registrert nokre bygningar i nærområdet som er frå før 1900 (SEFRAK³) (figur 28).



Figur 28. Utklipp frå miljøstatus.no. Raude og gule trekantar syner registrerte kulturminne (bygningar eldre enn 1900 (SEFRAK)) (Miljødirektoratet, 2023)

Uttak av grunnvatn som omsøkt vil ikkje påverka kulturminne. Dersom det graving av grøfter el. Likande, vil arbeidet verta stopp og det vert varsla om funn til kulturminnemyndigheitene.

3.13 Reindrift

³ SEFRAK: Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg

Ikkje relevant tema.

3.14 Jord- og skogressursar

Tiltaksområdet ligg i eit jordbruksareal (figur 29). Området kan driftast som vanleg, og det er ikkje naudsynt med restriksjonar på landbruksdrifta. Grunnvassnivået ligg så djupt i dette området at ei evt. endring i grunnvatnet ikkje vil påverka produktiviteten. Det er inngått nærare avtale med grunneigar om evt. restriksjonar på bruk av tiltaksområdet i anleggsfasen.



Figur 29. Jordbruksareal i, og i nærleiken av tiltaksområdet. Oransje farge er fulldyrka og overflatedyrka jord, lysegul farge er innmarksbeite (NIBIO, 2022). Omtrentleg plassering av brønnområde er illustrert med innteikna raud sirkel.

3.15 Ferskvassressursar

Ferskvassressursar i tiltaksområdet er Fjordselva, samt grunnvassressursen. Fornyng av grunnvassmagasinet vert til ved infiltrasjon frå nedbør, grunnvatn frå dalsidene og dalen oppstraums området, samt tilsig frå elva.

3.16 Brukarinteresser


Området i, og utanfor tiltaksområdet er brukt til grasproduksjon. Tiltaket vil ikkje ha innverknad på desse brukarinteressene, utanom i eit avgrensa område kor container og brønnane skal plasserast. Det er inngått avtale mellom verksemda og grunneigar på bruk av området (vedlegg 8).

Tiltaket i form av grunnvassuttak vil ikkje ha innverknad på jakt- og fiskeriressursar, ferdsel i området, reiseliv eller turisme.

Grunnvassmodellen og registreringar av grunnvassforholda tyder ikkje på at det vert negativ påverknad for vassforsyninga til naboar.

For å undersøkje samanheng mellom grunnvassforholda i planlagt brønnområde med private brønner i nærområdet er det gjort registreringar av vassnivå og temperatur i alle brønnane i området og i elva.


Figur 30 viser at det skjer raske endringar i nivå i elva og at grunnvatnet har ein forsinke respons på denne endringa. Ein ser også at den relative endringa i grunnvassnivå er større enn den i elva. Dette kan skuldast at grunnvassfornyngja skjer ved elveinfiltrasjon lenger oppe langs elva.



Figur 30 Samanheng mellom relative nivåendringar i elv og Br 1.


Det er derfor brukt nivåendringar i Br 1 som indikator på grunnvassforholda generelt.

Figur 31 viser at det er ein viss samanhengen mellom nivået brønnen til G/Br 20/1. Brønnen er plassert nedstrøms brønnfeltet. Brønnen er truleg også påverka av flo og fjøre.




Figur 31 Relative endringar i vassnivå i brønn til G/Br20/1 og Br 1.

Figur 32 viser samanhengen mellom grunnvassforholda i Br 1 og brønnen til Gnr/Bnr 20/2, ein kan ikkje så at det er ein samanheng mellom nivåa i dei to brønnane.




Figur 32 Relative endringar i vassnivå i brønn til Gnr/Br 20/1 og Br 1.

Figur 33 viser at det heller ikkje er samanheng mellom nivået til brønnen på Bnr/Bnr 20/5 og Br 1.



Figur 33 Relative endringar i brønn til Gnr/Bnr 20/1 og Br 1.

Figur 34 viser alle relative endringar i grunnvassnivå i området. Ein ser at brønnane til Gnr/Bnr 20/2 og 20/5 er spesielt stabile. Brønnen til Gnr/Bnr 20/1 varierer litt. Dei andre brønnane Br 1 til Br 4 varierer mykje. Det er truleg at brønnane til Gnr/Bnr 20/1 og 5 er mata av grunnvatn frå austlege dalside. Dei andre brønnane som varierer meir tilhøyrer mest sannsynleg eit anna strøymingssytem. Dette er også i samsvar med det som modellen viser (Vedlegg 5).



Ein kan derfor ikkje sjå med det datagrunnlaget ein har at dei private brønnane til bruk 2 og 5 vert påverka av tiltaket. Brønnen til bruk nr 1 kan vera noko meir utsett, men det er ikkje vist med modell at brønnen vert skada. Overvåkingsprogram skal utarbeidast etter at konsesjon evt er gjeven og vil inkludere private brønner.

3.17 Samfunnsmessige verknadar

Tilgang på meir ferskvatn og ei meir stabil vasskjelde vil medføra at produksjonen kan auka og verksemda kan vera leveringsdyktige større delar av året. Ei auke i produksjon kan medføra høgare sysselsetjing og skatteinngang i lokalsamfunnet. Dette gjeld både i anleggs- og driftsfase.

3.18 Dam

Dette tema er ikkje relevant tema då det ikkje ligg dam-anlegg i nærleiken av tiltaksområdet.

3.19 Eventuelle alternative utbyggingsløyningar

Dersom det ikkje vert gjeve konsesjon til uttak av grunnvatn, eller ynskt mengde, vil det vera svært kritisk for framtida til stamfiskanlegget. Det vil då ikkje vera mogleg å ha ein heilårig produksjon for å imøtekomme etterspørsel i marknaden. Søkjar lyt vurdere å flytte anlegget til ein annan stad, noko som vil medføra at lokale arbeidsplassar vil forsvinna.

Verksemda har ikkje lukkast i å finna andre potensielle stader for grunnvassuttak i nærleiken, og dei har tidlegare også vurdert etablering av eit RO-anlegg⁴ for avsalting av sjøvatn. Konklusjonen frå denne vurderinga var at dette vert for kostnadskrevjande for verksemda. Å drifta eit slikt anlegg gjev også negative miljøkonsekvensar i form av utslepp av svært saltholdig vatn. Dersom ein skulle vurdert dette i tabell 11 vil dette deltema bli antatt vurdert å gje konsekvensgrad 1 minus.

